



# SVEIO SENTERPARTI

Program 2023-2027





# NÆR FOLK I HEILE SVEIO

*Senterpartiet vil byggje samfunnet nedanfrå. Vi kjempar for eit samfunn med frie sjølvstendige menneske som tek ansvar for sitt eige liv, for fellesskapet, og for naturen og miljøet.*

## HOVUDPUNKT:

- Vere garantist for dagens skulestruktur.
- Auke bulyst i bygdene, busette flyktingar i alle bygder.
- Gje støtte til fleire nærmiljøtiltak.
- Nytt oppvekstsenter i Valestrand.
- Tilretteleggje for meir næringsutvikling og nye næringsområder.
- Gje tilskot til dagleg leiar-funksjon i Sveio Næringsforum.
- Vere pådrivar for å få unge som fell ut av skule og arbeid tilbake i utdanning og jobb.
- Ferdigstille kommuneplanane og utarbeide eigen landbruksplan.
- Styrke helse og omsorg.
- Realisere ny veg fv 541, Grimstvedt-Krossleite.
- Gjennomføre ein berekraftig og forsvarleg forvaltning av naturressursane.

## NÆRINGS- OG ARBEIDSLIV:

*Senterpartiet si grunnhaldning er å bygge eit desentralisert samfunn der vi opprettheld busetnad, tenester og forvaltar ressursane med tanke på framtida. Vi er opptekne av lokal eigarskap og lokal forvaltning og vi vil jobbe for å forvalte ressursane slik at dei kjem folk som bur i våre områder til gode, gjennom arbeidsplassar og verdiskaping.*



**Landbruket er ein stor produsent** av mjølk, kjøt, frukt, grønt og bær. Sveio har store beite og grovfôrressursar som må nyttast betre for å auka norsk matproduksjon og beredskap. Landbruket bidreg i tillegg med velstelt kulturlandskap, busetnad og arbeidsplassar. Senterpartiet vil jobbe for at landbruket i Sveio skal vidareutvikle og styrke sin del av den samla matproduksjonen i Noreg, og gje levedyktig inntekt til bøndene. Skogbruket er ein del av landbruket. Skogane i Sveio er inne i ei stor haustetid, og me vil leggja til rette for dette. Skogen er også ein del av klimaløysinga, og me vil føra ein aktiv skogbrukspolitikk ut frå dette perspektivet.

**Utarbeide eigen landbruksplan.** Landbruk er eit tema i Næringsplan for Sveio kommune 2022-2027. Sidan landbruk er den største næringa i Sveio er det naturleg at ein utarbeider ein eigen landbruksplan. Ein må gje anledning til å ha meir enn eitt bustadhus på garden. Sveio Senterparti vil optimalisere kommunale tilskotsordningar til bøndene.

### Styrka Sveio Næringsforum.

Senterpartiet vil at kommunen støttar Sveio Næringsforum med kr 800.000 årleg frå Havbruksfondet til ein tilsett dagleg leiar i næringsforumet.

### Tilrettelegging for næringsutvikling


i heile kommunen til dømes Haukås/Hinderlid

### Brubyggar i regionen

med aktivt samarbeid i Sunnhordlandsrådet, Haugalandsrådet og Haugaland Vekst.

### Næringsliv til sjø:

- Tilretteleggje for hamn- og baseområde med sørvisfunksjonar for havvindsatsinga.
- Arbeide for rammevilkår som gjev berekraftig utvikling for fiskeri- og havbruk
- Støtta berekraftig produksjon og hausting av matressursar i havet utover fisk
- Opprusta kaien i Førde med midlar frå havbruksfondet.



### Tilrettelegging for små bedrifter.

- Stimulere til etablering av «kontorhotell» i regi av Sveio Næringsforum der grunderar og andre kan låne kontorfasilitetar/møterom når dei treng det.
- Sveio Sp støttar etablering av andelslandbruk og marknadshagar der fleire får dyrka eigen mat. Senterpartiet vil ha salsboder i kommunen med direkte-sal frå produsent til forbrukar. Kommunen skal leggje til rette for friluftsparkar og «Inn på tunet»-gardar for å styrke bygdeturismen.

### Varehandel

Sveio Sp meiner lokalbutikkane er viktige for bygdene som sosiale møteplassar og vil i samarbeid med desse styrke driftsgrunnlaget. Det er betydeleg handelslekkasje i Sveio. I buarar nyttar høve til å handla i grannekommunane dei jobbar i. I tillegg nyttar folk netthandel med heimkjøring av varer frå butikkar i Haugesund.

Senterpartiet oppmodar butikkane i kommunen til å etablere netthandel og tilbod om heimkjøring av varer. Det er og eit meir miljømessig berekraftig tiltak.



## OPPVEKST:

- Ein sterk offentleg skule er hovudregel. Senterpartiet garanterer for nåverande skulestruktur. Senterpartiet vil ha liv og befolkningsauke i alle bygdene. Senterpartiet vil legge til rette for busetting av flyktingar i bygder som har grendeskular.
- Søke om prosjektmidlar for skulematordning på Sveio Ungdomsskule. Det kan løysast i eit samarbeid om kjøkken/matsal med Sambrukshuset.
- Styrke tidleg innsats i barnehage og skule.
- Den kommunale kulturskulen skal ha eit breitt undervisnings-tilbod. Undervisninga bør utførast på nærskulen.
- Etablering av skulehagar ved alle skulane.
- Arbeide for at kommunen har lærlingar innan fleire fagområde.
- Legge til rette for praksisplassar i skule og barnehage for studentar ved HVL.
- Starte arbeidet med nytt oppvekstsenter i Valestrand (barnehage – skule – kultur).
- Styrke barneverntenesta der ein vurderer interkommunal organisering.

## BULYST:

- Vere ein «ja»-kommune og sjå mogelegheiter. Leggje til rette for ibuarane sine ynsjker.
- Bruke skjønn og innvilge søknader om omgjering av fritidsbustad til heilårsbustad.
- Leggje til rette for hustomter i heile kommunen. Vere pådrivar for spreidd busetnad.
- Stimulere til nye nærmiljø-anlegg i bygdene.
- Etablere nye skyssordningar og vurdere «HentMeg»-modellen.



## FRIVILLIGHEIT, KULTUR OG LIVSSYN:

- Støtte tiltak som bidreg til at terskelen for å delta i idrettsaktivitetar vert lågare.
- Arbeide for vidareutvikling av alternative aktivitetar (t.d. motorsport, skyting) i samarbeid med særforbunda for desse sportane.
- Sveio Frivilligsentral har ei sentral funksjon for stimulering til frivilligheit. Senterpartiet vil oppretthalde driftsgrunnlaget for frivilligsentralen.
- Arbeide for midlar til vedlikehald av kyrkjene og kyrkjegardane. ENØK-tiltak i kyrkjene vil gje rimelegare straumutgifter.
- Senterpartiet vil gje støtte til fleire nærmiljøtiltak.



## FOLKEHELSE OG INKLUDERING:

- Folkehelseperspektivet skal vere ein del av all kommunal planlegging, uavhengig av sektor. Kultur, idrett og friluftsliv er med alle sine aktivitetar og møtearenaer viktig for det einskilde menneske si oppleving av eit godt liv. Det er viktig at einskildmenneske, uavhengig av føresetnader, har tilgang til aktivitetar og fellesskap som gjev mening og moglegheiter til medverknad. Sveio kommune skal vere ein god rettleiar i busetjingsarbeidet og støtte tiltak som styrkar inkluderingsarbeidet lokalt.
- Busetje flyktingar i alle bygder. Det gjer fleire barn på grendaskulane. Offentleg kommunikasjon er ikkje tilrettelagd for slik busetjing i dag. Vurdere tilskotsordning til kjøp av bil til flyktingefamiliar som buset seg i andre bygder enn Førde og Sveio Sentrum. Jfr Askvoll kommune gjer kr 50.000,- til dei flyktingane som vil kjøpe seg bil.
- Legge til rette for å inkludere arbeidssøklarar som elles ville hatt problem med å kome i arbeid. Styrke NAV si rolle med å få unge som ikkje er i utdanning eller arbeid inn i skule og arbeid.

## HELSE OG OMSORG:

- Forebygging psykisk helse barn og unge. Sveio Sp vektlegg helsesjukeplaiarrolla som særskilt viktig.
- Sveio Sp vil styrke habilite- rings-tenesta og tilrettelegge bustader for personar med nedsett funksjonsevne.

### Eldreomsorg

*Ein god eldreomsorg for alle er ei viktig oppgåve for kommunen.*

- Sveio Sp skal sikre sjukeheims- plassar og omsorgsbustader til dei som treng det, når dei treng det. Vi meiner at ledige sjuke- heimsplassar skal tildelast den med størst behov, uavhengig om vedkomande står på ei ven- teliste eller kor på lista dei står.
- Husbanken sitt investeringstil- skot er vidareført, ikkje avvikla. Det må kommunen nytta.
- Sveio Sp har forventningar til Regjeringa sin varsla «Bo trygt hjemme»-reform. Folk skal bu heime lengst mogleg i Sveio. Det forutset tryggleik der dei bur, men kan og gje eit liv med einsemd. Vi vil legge til rette for at eldre har opne møteplassar der aktivitet, sosialt samvær og frivillig arbeid er naudsynt for å forebyggje passivitet og einsemd.
- Sveio Sp skal bidra til at kommunen kan tilby bustader som er tilpassa ibuarane sine behov og funksjonsevne. Sveio Sp ser seniorbudstader orga-

nisert som eit kollektiv med fellesrom og hjelpetenester tilgjengeleg som eit naudsynt trinn i omsorgstrappa.

### Helsearbeidarar

Det viktigaste for ein velfungeran- de eldreomsorg er helsearbeida- rane. Viktige tiltak for å behalda og rekruttere personell er ei arbeids- belastning til å leve med, heile og faste stillingar og mogelegheit for karriere-utvikling. Sveio Sp vil sikre ei solid grunnbemanning og ei or- ganisering der vi set riktig kompe- tanse til dei rette oppgåvene.

- Sveio Sp vil styrke rekrutteringa til helseområdet, særleg sjuke- pleiarar.

### Fastlegar

Senterpartiet er ein pådrivar for å rekruttere fastlegar til kommunen. Vi vil oppretthalde legekontor for fastlegane i Førde og i Sveio sentrum.



## SAMFERDSLE:

- Ferdigstille fylkesveg 541, Grimstveit-Krossleite (Tjerna- gelvegen). Sveio Sp vil arbeide aktivt mot fylkeskommunen, fylkesordførar i Vestland fylke for finansiering.
- Standardheving og trygging av kommunale- og fylkesve- gar er Senterpartiet si høgaste prioritering på samferdslesida. Arbeide for fast dekke på fleire kommunale vegar.
- Betre kollektivtrafikk-tilbodet. Etablere prøveprosjekt med «HentMeg»-tilbod der folk kan bestille henting og betale med Kolumbus-takster Jfr etablert tilbod i Egersund og Sauda.
- Etablering av sykkel- og gang- vegar til skulane. Partiet vil prioritere sykkel- og gangveg i Auklandshamn, frå Ekrene til Vikse skule og i Valestrand.



## KLIMA OG MILJØ:

*Dei store klimaendringane, påverkar miljø og natur, og er den største utfordringa i vår tid. Mennesket si framtid er avhengig av at naturen si produksjonsevne og naturmangfald vert oppretthalde.*

*Senterpartiet legg klimautfordringane til grunn for all vår samfunnsplanlegging, og i forvaltarsynet vårt byggjer vi på det menneskelege ansvaret. Vi vil stimulera til meir sirkulærøkonomi og mindre forbruk. Vekst er ikkje å forbruke meir, men å forvalte betre. Då vil dei fleste ressursane vare lengre.*

*Med dette i botn, vil vi føra ein politikk, der vi omset ord til handling, og tek dei globale utfordringane ned til lokale løysingar.*

- Sveio Sp går inn for at det offentlege skal gå føre og legge til rette for gode miljøval for verksemder og innbyggjarar. Kommunen skal ha ei føre-var-haldning i klima og miljøspørsmål og skal i sine planar og vedtak aktivt ta i bruk framtidsretta og berekraftige teknologiløysingar. Etablering av nye metodar for energiproduksjon må bygge på kunnskap om korleis det påverkar naturverdiar.
- Sveio Senterparti ønskjer ei berekraftig og forsvarleg forvaltning av ressursane i vår kommune, samt ein miljøpolitikk som tek omsyn til både lokale forhold og globale utfordringar.
- Aktiv drift er et klimatililtak i seg sjølv. Staten må vidareføre eller auke tilskot til vegbygging, skogkultur, brattlendt drift og aktivt beitedrift.



## JORDVERN:

- Vi meiner skogen er ein viktig del av løysninga i klimapolitikken. I dag tar skogen i Noreg netto opp CO<sub>2</sub> tilsvarande halvparten av dei norske klimautsleppa. Tilpasse treslagsval, skogrøkt og -hogst for optimal skogproduksjon og karbonbinding, og stimulere til planting etter hogst og på nye areal for å auke CO<sub>2</sub>-opptaket og sikre skogressursane for framtida.
- Stille strenge krav til miljø- og klimavennlege løysingar ved innkjøp, og brukar innkjøpskrafta i offentlege anbod til å fremja det grøne skiftet og lokal verdiskaping.
- Vere pådrivar for auka utbygging av el-ladestasjonar i kommunen, og jobba for sams betalingsplattform for desse.
- Stimulere til gjenbruk av bygningsmasse.
- Støtta plastryddeaksjonar og legge til rette for lokal innsamling av landbruksplast i regi av SIM.
- Vindkraft skal primært byggjast ut til havs. Omsyn til landskap og naturkvalitetar skal vege tungt ved vurdering av utbyggingar. Vindkraft skal berre byggjast i tråd med lokale ynskje og kommunestyrevedtak. Sveio Sp vil legge til rette for mindre gards- og husstands vindmøller.
- Arbeide for at allereie utbygde areal vert prioritert framfor nedbygging av dyrka og dyrkbar mark.
- Strengt jordvern. Dersom matjord vert bygd ned, skal jorda gjenbrukast slik at alternativt areal av same kvalitet opparbeidast. Bruk av jordtippar skal ikkje nyttast.
- Det må vere moglegheit for utøving av skjønn når det gjeld dispensasjonar i LNF område.

*Sveio, 16. mai 2023  
Styret Sveio Senterparti*



# VÅRE KANDIDATAR



Monica V. Valen



Arne  
Valen



Vidar  
Høyland



Susanne  
Dale Førde



Bente Hegna  
Gravelsæter



Ole-Andreas  
Båsund-Ljøen



Tor Inge  
Flåten



Kristian  
Eilerås



Endre  
Hetlesæter



Bjarne Andreas  
Mjånes Helvik



Anlauge  
Fludal



Ole Mikal  
Lokna



Henrik  
Blytt



Svein Bjarne  
Lien



Hege  
Hobberstad  
Vigre



Linda  
Sæverhagen



Margrethe  
Vikse



Tobias  
Skaugerud  
Valen



Daniel  
Kaltveit



Bjørnar  
Horneland  
Bjørge